



Forslag på årsberetning 2022 Aust-Agder Nei til EU

HOVUDINTRYKK

Meiningsmålingane i 2022 synte framleis fleirtal mot norsk EU medlemskap. På spursmål om EØS avtale eller handelsavtale, er det 7% fleire som er for handelsavtale framfor EØS avtalen. Eller sagt med andre ord:

Berre 1 av 4 stør EØS avtalen. I 2022, vart det året då konsekvensane av den sokalla acer avtalen synte seg for alvor, med stor eksport av straum til utlandet og utruleg høge straumprisar innanlands. Noko som førde til betalingsvanskar for vanlege hushald, og nedlegging og stenging av bedrifter og arbeidsplassar. Dette har bidrege til at fleire har forstått kva EU og ACER kan medføre for norsk suverenitet og demokratisk samfunnsstyring. Det har truleg også vore ein grunn til at Nei til EU har fått fleire medlemmer i 2022. og er eit uttrykk for tillit til organisasjonen vår. I fagrørsla ser det ut som EU / EØS framleis er eit vanskeleg tema, og på siste LO kongress vart det vedteke same formulering som i 2013. Likevel er det mange fagforbund som som deler vårt syn, og det ser ut som motstanden er aukande i fagrørsla. Det ser også ut som EØS / ACER sakene skaper vanskar innad i den sitjande regjeringa, noko som kan få den sokalla Hurdalsplattformen til å spreke.

MEDLEMSUTVIKLING

Ved førre årsskifte var medlemstalet for Aust-Agder nei til EU 503 medlemmer. Ved årsskiftet 2022-2023 var medlemstalet 587. Det vil seie at me har auka medlemstalet med 84. Så kan ein undrast på kva grunnen til framgangen er når me i nokre av dei førre åra har hatt ein liten tlbakegang. Noko av grunnen kan vera at me i 2022 fekk høve til å drive meir utadretta "marknadsføring", fordi det meste av coronarestriksjonane ikkje lenger var aktuelle. Dessutan er nok dei høge straumprisane og den sokalla ACER saka noko som folk er opptekne av. Dette syner også at "folk flest" har tiltru til oss.

ÅRSMØTET 2022.

Årsmøtet for 2021 vart halde den 21 juni 2022 kl.1800 på Kokkeplassen, Vesterveien 134. Hisøy, Arendal. Frå sentralleinga møtte leiaren for Nei til EU, Roy Pedersen, som orienterte om saker som organisasjonen arbeider med, som til dømes ACER saka og EØS avtalen. Valnemda la fram forslag til nytt styre. Medlemene i valnemnda var: Alfred Skaar Kylland, Tora Jakobsen og Erik Fløystad.

Årsmøtet valde nytt styre for 2022.

Desse vart valde: Olav Lidtveit, Leiar. Styremedlemer vart: Paul Magnus Gamlemshaug, Helge Thorbjørnsen, Olaf N.Bakke, Marit L.Bakke, Ingrid Skårmo og Odd Arne Gabrielsen.

Varamedlemer til styret vart: 1.Jarle Brandsdal, 2. Tor Tveide, 3.Bjørn Arne Engen.

Som revisor vart Oddvar Støle vald.

FYLKESSTYRET.

-----.

På styremøtet den 1. august 2022 konstituerte det nye styret seg på denne måten:

Leiar: Olav Lidtveit. Han vart direktevald på årsmøtet.

Nestleiar og sekretær: Helge Thorbjørnsen.

Kasserar: Olaf N Bakke.

Styremedlem: Paul Magnus Gamlemshaug.

Styremedlem: Marit Lyby Bakke.

Styremedlem og Kvinnekontakt: Ingrid Skårmo.

Styremedlem og Medlemsansvarleg: Odd Arne Gabrielsen.

Varamedlemer til styret vart:

1.Jarle Brandsdal.

2. Tor Tveide.

3. Bjørn Arne Engen.

Fylkesrådsmøtet 2022

I 2022 var det landsmøte i Nei til EU.

Etter vedtektene skal landsmøtedelegatane velgjast spesielt på rådsmøtet når dei ikkje er valde på årsmøtet.

Den 6. oktober vart det halde rådsmøte for Aust-Agder nei til EU på Landbrukets hus Stoa i Arendal.

Det vart valde utsendingar til landsmøtet på Gardermoen.

Desse vart valde:

Olav Lidtveit, Maryanne Lidtveit, Helge Thorbjørnsen, Odd Arne Gabrielsen, Olaf N Bakke, Marit L Bakke og Tora Jakobsen. Som varautsending til landsmøtet vart Inger Lise Gundersen vald.

Styrets arbeid i 2022

Styret har i kalenderåret hatt 9 styremøte og handsama 36 saker. Me har også kontakt med kvarandre via telefon og mail mellom møta og når me elles finn det turvande. Styret arbeider svært godt saman.

Dei fleste av møta våre vert haldne på Landbruket hus på Stoa i Arendal. Me er svært takksame for at me får lov til å vere der.

Me har også god kontakt med Vest-Agder nei til EU både på mail og telefon. Det er vorte tradisjon å ha eit felles styremøte med Vest-Agder like før jol. Denne gongen var det Vest-Agder sin tur til å vere vertskap.

Møtet vart halde på "Furuly på Evje. Der var alle interesserte var velkomne.

ARRANGEMENT

I 2022 såg det ut som "Coronaepidemien" var iferd med å sleppe taket. Dette gjorde det mogleg å drive ei meir utadretta verksemd enn dei førre åra. Den 30 april deltok me i eit debattmøte med titelen: "Kraftbransjen, el.priser og det grønne skiftet". Dette var eit samarbeid med Norges Bondelag og Industriaksjonen. Me gav også tilsagn om å bidra til eit "straum pris krisemøte" i Kristiansand som Vest-Agder nei til EU arrangerte. Me hadde stand på Landbrukets dag på Evjemoen der me kom i tale med folk og informerte om vår sak og delte ut Standpunkt og anna informasjon. Me fekk også nye medlemer. Me deltok på stand på Dyrskuen i Lyngdal, saman med Vest-Agder nei til EU. Den største tilskipnaden me deltok på i 2022 var Arendalsuka, som samlar mykje folk og sentrale politikarar og organisasjonar, og som også er ein viktig arena for Nei til EU.

REPRESENTASJON OG DELTAKING

Aust-Agder nei til EU har også i 2022 delteke på sentrale rådsmøte og leiarmøte i regi av leiinga i Nei til EU. Nokre av desse møta var "fysiske møte", medan andre var nettmøte.

2022 var årsmøte år, og Aust-Agder nei til EU deltok med utsendingar som nemnt ovanfor i årsmeldinga.

ORGANISATORISKE SAKER

Fylkessekretærordninga har også i 2022 vore til god hjelp for oss i Aust-Agder, både med omsyn til bestilling av materiell, og svar på spursmål i samband med andre ting i organisasjonen vår.

Denne ordninga er i endring og fylkeslaga må rekne med at me må ta fleire oppgåver sjølve, men det er nok meir ei endring i fordeling av arbeidsoppgåver mellom fylkeslag og sentral administrasjonen.

Av helsemessige grunnar motte Paul Magnus Gamlemshaug fråseie seg vervet som kasserar for Aust-Agder nei til EU. Olaf Bakke påtok seg kasserarvervet. Rekneskapsføringa vart sett bort til Landbrukets Regnskapskontor på Skrubbedalsveien 5. Stoa, Arendal. Dette høver godt for oss i og med at me har dei fleste av styremøta våre i same bygningen. Revisoren vår: Oddvar Støle, vil halde fram som revisor.

UNGDOM / STUDENTAR MOT EU.

Det er ikkje registrert aktivitet i desse laga i 2022

KONTAKT MED LOKALLAGA

Aust-Agder nei til EU har medlemmer eller kontaktpersonar i dei fleste kommunar i det tidlegare Aust-Agder fylke.

Dei fleste lokallaga er no registrerte som passive ("sovande") lokallag, og har ikkje hatt årsmøte eller anna aktivitet på fleire år, bortsett frå lokallaget i Arendal.

KAMPANJESAKER I NEI TIL EU

Den viktigaste saka for oss er kampen for å få Noreg ut av EØS avtalen. Det som det også er arbeid mykje med er den sokalla ACER saka. Dette er ein avtale som har medført at straumprisane har auka kraftig og ført til økonomiske vanskar for både privatpersonar og bedrifter, ja endåtil ført til konkursar. Nei til EU har gått til rettsak mot staten fordi me meiner at dette er ei sak som må vedtakast med meir enn vanleg fleirtal, noko som også grunnlova gjev rom for. No er saka komen til høgsterett og me ventar ein dom truleg før årsskiftet.

POLITISKE VURDERINGAR.

Me er komne halvvegs i denne stortingsperioden. Til hausten er det kommune og fylkestingsval. Det kan gjeve eit teikn på kva som kan bli resultatet av det komande stortingsvalet. Nokre av dei siste meiningsmålingane tyder på det same. Hittil ser det ut som avtalen mellom Arbeiderpartiet og Senterpartiet (den sokalla Hurdalsplattformen) held, sjølv om det har kome sprekke i overflata frå tid til anna.

ACER og den sokalla straumpriskrisa nok har vore ei påkjenning i tilhøvet mellom dei to partia. Det vert hevda at dersom EU si energipakke 4 skal inførast vil koalisjonen mellom Arbeiderpartiet og Senterpartiet sprekke. Førebels ser det ut som dette er feia under teppet. Som nemt har me to år att

av denne stortingsperioden og mykje kan framleis hende fram til stortingsvalet. Frå Høgre og andre EU sympatiserande parti, er det kome ytringar om ei ny folkerøysting.

Førebels tyder dei fleste meiningsmålingar på at me framleis har eit Nei standpunkt i folket. Dette må likevel ikkje vere ei "sovepute" for oss på Nei sida. Me må hugse på at det er sterke krefter i samfunnet som arbeider for eit EU medlemskap. Difor er det viktig for oss å drive sakleg og etterretleg folkeoplysning, noko som gav oss siger både i 1972 og i 1994.

Styret i Aust-Agder Nei til EU